


Fengslende popjazz frå Calvert

Hørte-guten Arne Steinar Myrvang er eit av medlemmene i bandet Calvert som lanserer sin tredje single i dag, «Where She Is». Det er den siste smakebiten frå den komande debutplata frå bandet som blir slept i oktober. Myrvang spelar trommer og har med seg Bård Thorstensen på keyboard, Gisle Torvik på gitar og Sarah Calvert på vocal. For å feire singelsleppet resier Calvert på miniturné i Noreg og Portugal i august og september. Calvert spelar eksperimentell popjazz med miks av organiske og elektroniske element.

Foto: Calvert



Tips kánn:

redaksjon@boblad.no
Tlf. 35 95 19 45

Lifjell rundt - avgjerd

Den første vurderinga av effekten av å slå saman kommunane rundt Lifjell skal vere klar 15. november. Før jul skal dei seks kommunane vurdere om dei vil gå vidare.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Dette er første-elleveren, sa Notodden-ordførar Jørn Christensen, med referanse til fotball, då han hadde innlegg på Fylkesmannen sin oppstartkonferanse.

Fylkesmannen har fått i oppdrag frå kommunalministeren å leie prosessen med ny kommunestruktur og startskotet vart fyrst av i Bø tysdag. Då var det blant anna presentasjon av kva kommunane kan få av hjelp frå Fylkesmannen og kva som er KS si oppgåve. Dessutan fekk ein statusen i arbeidet med å vurder ein kommune rundt Lifjell, det vil seie å slå saman Sauherad, Nome, Bø, Seljord, Hjartdal og Notodden.

Til kommunestyret før jul


Det var Christensen som tok initiativet til å kalle inn alle kommunane rundt Lifjell rundt i vinter. Tinn takka nei, medan Nome ønskte å vere med. Prosjektet fekk namnet Lifjell rundt og arbeidet med forstudien er altså godt i gang. Planen er at den skal vere ferdig slik at kommunestyra i dei seks kommunane skal kunne ta stilling til om dei vil gå vidare med denne prosessen i kommunestyremøta i desember.

– Me rir ikkje to hestar samtidig, sa Christensen.

Han understreka at det er Sauherad, Nome, Bø, Seljord og Hjartdal som er førstevallet til Notodden, men dersom dei ikkje vil, så er eit samarbeid over fylkesgrensa med Kongsberg aktuelt. Christensen har også mandat frå kommunestyret til å gå vidare med slike sonderingar.

– Me har eit sterkt ønskje om å halde oss innanfor eige fylke, men raknar det, så er situasjonen ein annan, påpeika Christensen

Prosjektgruppa som jobbar med forstudiet er leia av rådmann i Seljord, Per Dehli, medan Midt-Telemarkrådet er sekretariat.



Førstevallet. Eit samarbeid med nabokommunane i Telemark, blant dei Bø representert ved ordførar Olav Kasland, er førstevallet til ordføraren på Notodden, Jørn Christensen t.h.

Folkemøte i Seljord

– Me ser på prosessen heilt fram til ei etablering av ein ny kommune. Me har politisk vedtak berre på å sjå på ei forstudie, men det er viktig å ha sett prosessen heilt ut for å sjå kva som er problemstillingane, meiner Dehli.

Rapporten frå gruppa skal leverast 15. november. Dehli peika på at ein veit lite om kva slags nye oppgåver kommunane får, det er veldig viktig. Det er også oppnemnd ei referansegrup-

pe der tillitsvalde og verneombod i kommunane er med. Det ser Dehli som viktig. Ei anna viktig oppgåve er å klare å systematisere informasjonen og unngå å gå seg vill i unyttig informasjon.

– Innbyggjarane skal involverast og informasjonen skal legast ut på nett, sa Dehli.

I Seljord har ein valt å ha eit ope møte 23. september.

Seljord rir to hestar

– Seljord kommune rir, i motset-

ning til Notodden, to hestar samtidig, sa Dehli.

Seljord-rådmannen opplyste at vedtaket i kommunestyret seier at ein skal sjå mot Vest-Telemark først. Dehli meinte også at det eit stykke på veg går an å vere med på to forprosjekt for ein kommune, men ein kan ikkje bli med heilt til forprosjektet blir avslutta, då skal det gjerast vedtak som skal til regjeringa.

– Det er i Vest-Telemark me høyrer til, men om det samarbei-

det strandar har me dette som eit alternativ, sa Seljord-ordførar Jon Svartdal.

Det vart stilt spørsmål om kva som skjer dersom ein kommune ikkje klarar å halde tidsfristen som regjeringa har sett. Fylkesmann Kari Nordheim-Larsen peika på at regjeringa vil ha jobben gjort i denne perioden.

Heitt valkamptema

Det var også ein paneldebatt på konferansen. Blant tema var